



Kurt Arne Natås
Postboks 293
5904 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/116 - 19/3570

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
Anngunn.Gullbra@meland.kommune.no

Dato:
31.01.2019

Mangelbrev for søknad om seksjonering GBNR 185/190

Viser til søknad om seksjonering innkomen 14.01.19.

Saka har manglar som gjer at saka ikkje vert behandla før manglane er retta.

Til pkt 3: Eigardel skal oppgis i brøk- ikkje i prosent. (1/2)

Til pkt 4: Teljar i brøk kan ikkje oppgis som desimal, men heiltal! Om det skal vera den fordelinga som er oppgitt i søknad må denne ha teljar 664/1000 og ikkje 66,4/100.

Garasje til seksjon 1 må leggest inn som tilleggsareal B for bygning.

Til vedtekter:

Vedtektene skal ikkje godkjennast av kommunen, men me skal kontrollera at det er laga vedtekter og at dei oppfyller minstekravet til slike vedtekter. Ein vurderer det likevel rett å gje nokre tilbakemeldingar på pkt 4 i vedtektene.

§25 i Eierseksjonslova gir adgang til å avtala bruk av uteareal for inntil 30 år. Eksklusiv bruksrett til uteareal utover 30 år er det oppmålingsplikt på! Dersom desse vedtektene skal tinglyst vil dette ikkje gå igjennom med mindre at det vert lagt til ei tidsavgrensing opp til maks 30 år i pkt 4. I matrikkelen vert dette arealet liggande som fellesareal / sameige mellom seksjonane. Det vil truleg heller ikkje gå å tinglysa vegretten seksjon 2 skal ha over utearealet til seksjon 1, då desse uteareala ikkje er registrert i matrikkelen.

Vedlagt skjema for fordeling av sameieandelar ved seksjonering kan berre brukast der dei ulike eigarane skal ha same brøkdel i sin tildelte seksjon etter seksjonering, som den andelen dei hadde i eigedommen før seksjonering. Her er delinga $\frac{1}{2}$ på kvar før seksjonering og skal vera ca $\frac{1}{3}$ og $\frac{2}{3}$ etter seksjonering. I tillegg skulle eigarane stått oppført på kvar si linje med påført den seksjonen dei skulle ha etter tinglysing av seksjonering.

Lindås kommune legg denne saka på vent til manglane er retta og ber om tilbakemelding på om de ynskjer senda inn nytt retta søknadsskjema eller om Lindås kommune skal utføra rettingar i pkt 3 og pkt 4 skjema



som skrive øvst i dette brevet. Eventuell retting av kommunen vert så fall utført med overstryking og påskrift med penn etter skriftleg godkjenning frå innsendar.

Me ber om tilbakemelding innan 2 veker på kva løysing de vel.

Med helsing

Tommy Veland
avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
Avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kurt Arne Natås

Postboks 293

5904

ISDALSTØ